



# Nytt liv for dei rauda låvane midt i Telemark

Eit inspirasjonshefte

SOLVEIG SVARDAL

TF-notat nr. 13/2009

# TF-notat

<b>Tittel:</b>	Nytt liv for dei raude låvane i midt i Telemark.
	Eit inspirasjonshefte.
<b>TF-notat nr:</b>	13/2009
<b>Forfatter(e):</b>	Solveig Svardal
<b>Dato:</b>	01.05.2009
<b>Gradering:</b>	Open
<b>Antall sider:</b>	107
<b>ISBN:</b>	978-82-7401-281-3
<b>ISSN:</b>	0802-3662
<b>Pris:</b>	Kr 300,-
	Kan lastast ned gratis som pdf frå telemarksforskning.no
<b>Framsidefoto:</b>	Nyhus på Gvarv. Foto: Halvor Holtskog

<b>Prosjekt:</b>	Den raude låven
<b>Prosjektnr.:</b>	2007 0490
<b>Prosjektleder:</b>	Solveig Svardal
<b>Oppdragsgiver(e):</b>	Styringsgruppa for ”Den raude låven”, v/ Midt-Telemark landbrukskontor

## Resymé:

Skal det over tid vere mogleg å ta vare på bygningar som mister sin opphavelige funksjon og blir ståande tomme må vi finne ny aktivitet som genererer inntekter som minimum kan dekke vedlikehaldskostnadene. I dette notatet presenterer vi ein del døme på ny bruk av ledige landbruksbygningar.

Telemarksforskning, Boks 4, 3833 Bø i Telemark. Org. nr. 948 639 238 MVA

# Føreord

Prosjektet "Den rauda låven" har hatt som føremål å hjelpe låveeigarar i Midt-Telemark til å skape ny aktivitet i låven sin. Dette notatet er utarbeidd på oppdrag frå prosjektet, og skal kaste lys over dei mulighetene som ligg i å finne ny bruk for dei rauda låvane.

Stor takk til låveeigarar og arkitektar som har stilt opp for å få fram dei mange gode idéane, og ikkje minst til Husbanken, som har vore svært inspirerande samarbeidspartnar.

BØ, 01.05.2009

Solveig Svardal

Telemarksforsking



# Innhald

<b>Innleiring.....</b>	<b>9</b>
Låvande ressursar .....	10
Trendy transformasjon.....	13
Draumen om det gode livet .....	14
Robust landbruk.....	15
Prosjektet ”Den raude låven” .....	15
Om heftet .....	17
<b>Raude låvar i Midt-Telemark .....</b>	<b>19</b>
Litt historie .....	20
Typiske kjenneteikn .....	22
Omfanget av ledige bygningar .....	28
Motivasjon for å ta vare på bygningane.....	29
Ombygging av driftsbygningar .....	30
Tunet og rommet mellom husa .....	33
<b>Låvar og reglar.....</b>	<b>35</b>
Plan- og bygningslova med forskrifter .....	36
Andre lover og forskrifter.....	38
Tilhøvet til kommunale planar .....	38
<b>Natur- og kulturbasert nyskaping.....</b>	<b>39</b>

Nye muligheter i opplevingsøkonomien.....	40
Landbruk meir enn landbruk.....	41
Frå idé til forretningskonsept.....	41
<b>Idékatalog .....</b>	<b>45</b>
Folkefjøset .....	46
Lager, garasje og verkstad .....	48
Galleri .....	51
Kafé og selskapslokale.....	52
Barnehage .....	54
Saftpresseri .....	56
Gardsbutikk.....	57
Kontor: Plan- og bygningslåven.....	58
Møterom og forsamlingslokale.....	61
Vinlåven .....	62
Låvande kunst .....	64
I utlandet.....	66
<b>Låven i sentrum.....</b>	<b>71</b>
Forlåving i Vegårshei .....	72
Kjernehuset på Gvarv.....	76
Prestegardslåven i Heddal .....	78
Skogen i Bø.....	80
Myhre; ut med gris inn med studentar .....	82

Hellandtunet forskings- og næringssenter .....	84
<b>Ein låve – fleire idéar .....</b>	<b>87</b>
Siderpresseri.....	88
Rehabiliteringssenter .....	90
Stall .....	92
<b>Nytt liv for rauda låvar i Telemark .....</b>	<b>93</b>
Breiva: økoturisme .....	94
Nyhuus: fruktbar kunst.....	96
Reskjem: eksklusiv landleg idyll .....	98
Akkerhaugen: tak over hovudet.....	100
Norheim: modellverkstad og atelier.....	102
<b>Hjelp!.....</b>	<b>105</b>
Nettadresser.....	105
Litteratur .....	106
Fagfolk .....	107
Låveeigarar som deltok i prosjektet .....	107



# Innleiing

Stadig fleire landbruksbygningar mister den opphavelege funksjonen sin som følgje av at bruk blir lagde ned, eller at driftsapparatet blir modernisert med nybygg. Dei ledige bygningane er markante i landskapet, og dei representerer ein viktig ressurs dersom vi kan finne ny bruk som også forsvarar kostnadene ved istandsetting og vedlikehald.



Låven på Bergan i Sauherad kommune. Foto: Halvor Sem

Dei raude låvane har vore ein del av landskapet vårt i om lag 100 år. Dei er viktige og markante element som i stor grad pregar bildet vårt av det norske landbruket og bygdelandskapet. Men det har ikkje alltid vore slik. Desse store bygningane kom til erstatning for mange små hus, som både på grunn av storleik og materialbruk glei godt inn i landskapet. Bygningar har sin levetid. Dei må ha ein verdi for å bli tekne vare på. Slike verdiar treng ikkje berre vere økonomiske, tekniske eller funksjonel-

le. Det kan vere opplevingsverdiar og verdiar knytt til identitet og stadtjensle. Som driftsbygninga i landbruket vil det nok likevel vere knytt økonomiske vurderingar til om bygningen skal overleve. Om den ikkje overlever, så kan det også vere at det som kjem i staden også kan bli bra.

## Låvande ressursar

---

Hus kan leve veldig lenge. Vi har driftsbygninga som er fleire hundre år gamle som framleis står godt og har ein verdi. Kanskje kan dei overleve ved at vi finn ny bruk med nye aktivitetar?

### Funksjonell verdi

Med dei raske endringane som har vore i landbruket dei siste åra, både når det gjeld mekanisering og produksjonsmåtar, vil ein relativt raskt oppleve at bygningane får redusert funksjonell verdi. Dei raude låvane er planlagde for eit allsidig husdyrhald med mykje manuelt arbeid, men med hest og hestereiskap til dei tyngste taka. Kor fort ein skal ta dei ut av bruk vil likevel vere avhengig av kor stor vekt



Teknisk, funksjonell eller økonomisk verdi? Foto: Solveig Svardal

ein legg på å ha ein bygning som til einkvar tid er optimalt tilpassa driftsopplegget, samanlikna med kostnadene ved å byggje nytt. Einheitslåven har som regel ikkje mangel på areal og rom, og vil med enkle grep kunne fungere godt også til landbruksføremål.

## Teknisk verdi

Ikkje alle hus som er til overs fordi dei ikkje lenger har ein funksjon, treng å vere teknisk utslitne. Har dei gode fundament og gode tak vil konstruksjonar og kledningar kunne ha stor teknisk verdi, og dermed vere viktige å ta vare på og bruke vidare.

## Kulturell verdi

Bygningane er veldig synlege i landskapet. I tillegg til å fortelje noko om korleis vi lever og har budd og korleis vi driv og har drive landbruket vårt under vekslande tilhøve i ulike delar av landet, er dei som landskapselement med og prege identiteten og stadtkjensla vår.

*Det er to sider ved en bygning; bruken og skjønnheten.*


*Bruken tilhører eieren, skjønnheten hele verden.*

*Victor Hugo*

Som del av landskapet blir dei eit fellesgode. Korleis dette fellesgodet blir forvalta er dermed ikkje lenger berre ei sak for eigarane av bygget, men i prinsippet for alle som hører til i landskapet. Dette gir også fellesskapet eit ansvar for å utforme ein politikk og eit forvaltingsregime som gjer det mogleg, ikkje minst økonomisk, å ta vare på arven og utvikle han vidare på ein god måte.

Kwart hus har sin historie. Denne historia får også ein ny verdi i ei tid der opplevingar får ein stadig større plass i liva våre. Historia og historiene som ligg i husa kan vere med og gi dei ein ekstra opplevingsverdi.

Til enkelte nye bruksområde vil dei gamle konstruksjonane med stolpar, skråband, køyrebrulåver og båsar vere med å gi husa ein verdi som nye hus ikkje kan gi.



Konstruksjonar og innreiingar gir verdiar eit nybygg ikkje har. Ill: B. A. Moe. Frå: Bygningsvern på landsbygda.

## Økologisk verdi

I eit miljøperspektiv er det eit poeng i seg sjølv å ta vare på dei ressursane ein alle reie har tatt i bruk så lenge som mogleg. Gjenbruk av bygningar eller byggematerial som framleis er i god stand er eit bidrag til redusert forbruk. Mange av dei raude låvane er i all hovudsak bygde med lokale byggemateriale; trevirke frå eigen skog og tegl frå eit lokalt teglverk.

## Økonomisk verdi

Til sjuande og sist vil det måtte ligge økonomiske vurderingar til grunn for om ein bedriftsøkonomisk eller privatøkonomisk har råd til å ta vare på bygningane. Viss vi ser bort frå dei bygningane som har vernestatus ut frå kulturminne- eller historiske interesser, vil vi over tid truleg krevje at bygningane har ei inntektsside som minst forsvarar vedlikehaldskostnadene. I mange tilfelle er potensialet faktisk større enn det.

## Trendy transformasjon

---

Å bygge om industribygg av ulike slag til bustader har hatt sterk interesse lenge. Transformasjon gir betre utnytting av ledige areal og fortetting av sentra. Betre arealutnytting er viktig ikkje minst i eit miljøperspektiv, men transformasjon vil ofte også vere viktig for å skape møteplassar og sosial aktivitet. Vi kjenner korleis Aker Brygge i Oslo har vakse fram frå eit tidlegare verftsområde. Meir landbruks-relatert transformasjon er kanskje dømet frå studentbustadane i dei gamle kornsilofane på Kuba i Oslo.



Frå korn til studentar. Foto: frå flickr / saipal.

Frå industri til bustad og handel. Foto: frå flickr / Jérémie Couture

I bestseljaren ”Ligge i grønne enger” av Anne B. Ragde les vi at Erlend og sambuaen Krumme engasjerer den verdskjende arkitekten Kim Neufeldt for å designe ei ombygging av låven på Neshovd til ein eksklusiv feriebustad med spenstig bruk av siloen.

## Draumen om det gode livet

---

Det er stor og aukande interesse for å busette seg på gardsbruk. Ei gransking Synnovate gjorde for Landbruks- og matdepartementet i 2008 viser at så mange som 400.000 nordmenn kunne tenkje seg å kjøpe eit småbruk, først og fremst for å skaffe seg eit meir attraktivt bumiljø. Nettstaden [www.gardsbruk.no](http://www.gardsbruk.no) har månadleg 30.000 unike besökande på jakt etter ein stad å leve det gode livet. Mange kommunar har sett dette potensialet, men sjølv om lovverket etterkvart skal gjere det enklare å omsette småbruk, og gi muligheter for å utvikle livsstilsbruk like gjerne som gardsbruk, er det framleis mange faktorar som bremsar omsetnaden, ikkje minst knytt til haldningar hos eigarane. Det er sterke kjensler knytt til sal av gardsbruk som har vore i slekta i generasjonar.

Kanskje kan det bli interessant å etablere bustader og feriebustader knytt til eksisterande tun og bygningar, dersom ein ser på muligheter for andre eigarformer enn i dag?



400.00 nordmenn drøymer om eit småbruk. Foto: Solveig Svardal

## Robust landbruk

---

Gamle driftsbygningar vil i større grad enn det vi ofte tenkjer framleis kunne brukast til tradisjonelt landbruk. Auka fokus på å skape levelege vilkår for små og mellomstore bruk bør kunne utløyse ein sterkare vilje til å finne nye funksjonelle løysingar innafor eksisterande bygningsmasse framfor nybygging. Dette vil også vere eit viktig bidrag til ei positiv utvikling av jordbrukslandskapet.

## Prosjektet ”Den rauda låven”

---

I 2005 vart det gjennomført eit forprosjekt i kommunane Bø, Notodden og Sauherad med føremål å vise kva for verdi dei rauda låvane i området har både i næringssamanhang, og som viktige element i kulturlandskapet. Hovudvekta i forprosjektet vart lagt på å registrere bygningar frå perioden 1870 til 1940.



Dei rauda låvane ligg tett i Flatdalslandsbyen. Foto: Olav Lind.

Dette forprosjektet vart sidan følgt opp med eit hovudprosjekt, som starta hausten 2007, og som blir avslutta våren 2009. Her har også låveeigarar i Nome vore med.

## Føremål og arbeidsmåte

Det er formulert følgjande mål for prosjektet:

**Auke verdien av den gamle låven gjennom nye aktivitetar på garden, og slik sikre låven som eit viktig kulturlandskapselement.**

Prosjektet har hatt følgjande delmål:

- › Skape ny aktivitet i den gamle låven

- > Gjennom aktiv bruk sikre den gamle låven som kulturlandskapselement
- > Restaurering med utgangspunkt i bygningen sin typiske karakter

I starten av prosjektet vart det arrangert to inspirasjonskveldar for låveeigarar, verkemiddelapparat og handverkarar. Føremålet med desse samlingane var å vise kva for verdiar og muligheter som ligg i bygningane, og gi inspirasjon til å gjere noko med dei.

Våren og sommaren 2008 vart det gjennomført eit kurs for låveeigarar, der hovudfokus var knytt til utvikling av ein forretningsplan. Eigara av sju låvar deltok på eit opplegg i regi av Hans Huseby. Låvekurset omfatta seks felles samlingar, samt gardsbesøk hos alle deltakarane.



Dei raude låvane er viktige i tunet. Foto: Halvor Holtskog

I tillegg har det i regi av prosjektet vore gitt rettleiing og oppfølging til mange ein-skildprosjekt, studietur til Vegårshei i Aust Agder, samt eit dialogmøte med dei tekniske etatane i kommunane med sikte på å diskutere sentrale problemstillingar knytt til ombygging av låvar til nye føremål.

Vidare er det gjennom prosjektet gitt prosjekteringsstøtte til skisseprosjekt for ein av låvane som var med i kursopplegget.

Prosjektet har lagt stor vekt på informasjonsarbeid retta mot låveeigarar, og har formidla kontakt mellom låveeigarar og fagfolk. Ein viktig kanal har vore internett, med eigne temasider under [www.landbruketshus.no](http://www.landbruketshus.no).

## Om heftet

---

Dette heftet har som føremål å skape interesse for å gi ledige bygningar nytt liv ved å etablere ny verksemnd i husa. Meininga var å gjere det ved å følgje deltagarane i prosjektet den ”Raude låven”, og vise kva dei har fått til. Men slike prosjekt tar gjerne lenger tid enn det ein eigentleg hadde tenkt. Dei fleste er framleis i ein tidleg fase, berre to har fått teikna ut ombyggingsplanane sine. Prosjektdeltakarane sine idéar blir presenterte i det siste kapittelet ”Nytt liv for raude låvar i Telemark”.

Vi har i tillegg valt å oppsøke andre prosjekt i regionen, som anten er gjennomførte, eller som har teikna ut idéane. Desse blir presentert i idékatalogen. Idékatalogen kunne sjølv sagt vore endå meir omfattande om prosjektet hadde hatt større vekt på idé- og konseptutvikling.

Sentrumsnære raude låvar kan spele ei viktig rolle i utvikling av attraktive tettstader, både med spennande bustader og hyggelege møteplassar. Kapittelet om Låven i sentrum kan vere eit bidrag inn i den pågåande regionale satsinga på bustadutvikling.

I tillegg treng ein av og til nokre spenstige idéar, nokon kallar det luftslott, som kan utløyse nye idéar. Vi har prøvd å få det til gjennom innspelet frå ei masteroppgåve ved Universitetet for miljø og biovitenskap, og gjennom nokre døme frå idékonkurransar i andre land.



# Raude låvar i Midt-Telemark

I kommunane Bø, Sauherad og Notodden er det registrert over 700 raude låvar frå perioden 1870 – 1940. Mesteparten av desse har mist den opphavelige funksjonen sin, og mange står ubrukta, men representerer likevel viktige verdiar. Låveeigarane meiner dei har eit ansvar overfor fellesskapet for å ta vare på bygningane.



Låven som no rommar Epleblomsten AS. Foto: Solveig Svardal.

Dei raude låvane i Telemark, som elles i landet, har mange utvendige fellestrekk; dei er raude, dei har eit fast tilhøve mellom breidde og høgde, og til ein viss grad lengde, dei har typiske detaljar som lufteluker, langsgåande band, portar og dører, som oftast i kvitt og grønt. Dei er plasserte slik at dei utnyttar fallet i terrenget til å kome til bygningen på tre plan, og dei har saltak, opphavelig tegltekka. Innvendig er det nokre typiske beresystem som går att. Opphavelig gav dei rom for eit allsidig

husdyrhald med fôr- og gjødsellager. Bygningane er særprega, men det er ikkje minst det at dei er så mange som gjer at dei blir så viktig del av landskapet. Men no har landbruket endra seg dramatisk. Bygningane må tilpassast den nye tida.

## Litt historie


---

Reising av dei rauda låvane skaut fart mot slutten av 1800-talet, og har såleis ikkje ei veldig lang historie i norske landskap. Frå tidlegare kjenner vi til at det var mange fleire hus på gardane, kvart hus hadde sin funksjon; det var stall, løe, kornlager og fjøsar til sau, ku og gris. Etterkvart vart desse små enkelthusa bygde saman i ein samanhengande bygning for å få meir rasjonelle driftstilhøve. Rettleiingstenesta jobba iherdig for dette tiltaket. Seinare var det også dei som var sterke pådrivarar for å få opp dei store låvane vi kjenner. Desse kom som eit resultat av det som ofte vert kalla ”Det store hamskiftet” i norsk landbruk. Frå andre halvdel av 1800-talet opplevde vi store endringar i landbruket. Sentralt var overgang frå sjølvbergingshushald til pengehushald. Bøndene la stadig meir vekt på matvareproduksjon for sal, slik at dei opparbeidde eit økonomisk overskot som kunne gje kapital til nye investeringar. Utløysande for hamskiftet var gode prisar på korn under krimkrigen, midt på 1800-talet, kombinert med gode avlingar i desse åra. Samstundes var det utvikla nye landbruksreiskapar som gjorde auka produksjon mogleg, og det vart etablert bankar og låneinstitusjonar som kunne finansiere utbygginga i landbruket.

Den viktigaste tekniske nyvinninga var slåmaskina, fordi husdyrbruket vart viktigare. Dette dreiv fram ein ny jordkultur, som stilte krav til meir lettdriven jord, god beresterk grunn og god arrondering. Slik vart det òg slutt på utslåttene.

Denne omveltinga kravde nye og større bygningar, som mellom anna kunne romme større fôrlager. Parallelt breidd sveitserstilen seg innan byggjebransjen og vi fekk utvikla ein konstruksjon som av mange blir karakterisert som eit høgdepunkt i norsk bygningshistorie.

Neste side: Utviklinga i bygninganes form og funksjon, frå mange små hus med spesialiserte funksjonar til samanbygde hus og einheitslåven. Kva blir det neste? Foto: Solveig Svardal.  
Skisse Jan Våge (frå Røde låver – alt under ett tak)




## Typiske kjenneteikn


### Funksjon

I førsteetasjen romma dei rauden låvane eitt eller fleire husdyrrom, gjerne oppført i tegl, og seinare betong. I resten av førsteetasjen var det høylager, og gjerne rom for reiskap eller vognskjul. Andreetasjen var høylager og innkøyring med køyrebru. Høylageret gjekk altså delvis over to plan. Under mesteparten av husdyrromma var det ein gjødselkjeller.

Terrenginngrep medførte mykje og tungt arbeid, og husa vart difor tilpassa terrenget slik at det vart minst mogleg terrengarbeid. Førsteetasjen hadde direkte inngang frå tunsletta, gjødselkjelleren hadde også direkte tilkomst frå terrengnivå, og andreetasjen var tilgjengeleg via låvebrua. Husa utnytta naturleg fall maksimalt. Difor ser vi også at dei som regel ligg slik at dei dannar den nedre veggen i tunet. Utsikta var ikkje så viktig som den kanskje er i dag. Tunformene har hatt tydelege geografiske variasjonar. I Midt-Telemark har det utvikla seg ulike variantar av firkanttun, der innhus, bryggerhus og stabbur har vore dei andre viktigaste bygningane. Men vi finn også opnare tunformer og rekketun.




Den typiske einheitslåven. Skisse: Solveig Svardal




Aksinometri, plan og snitt av typisk einheitslåve. Skisse: Jan Våge. Frå Akershusiske låver 1870-1970.

## Konstruksjon


Med einheitslåvane vart det utvikla nye prinsipp for berekonstruksjonar. På dei eldre norske uthusa vart kretene ført ned i ytterveggane. Dei nye husa sprengde rammene for dei eldre frittberande systema og det utvikla seg konstruksjonar der hovudprinsippet er at overføringa av kretene går inne i husa, i takstolane.



Typiske konstruksjonar på låvar i Telemark. Stolpereising. Frå: Beresystem i eldre norske hus.



Typiske konstruksjonar på låvar i Telemark. Sperreverk. Frå: Beresystem i eldre norske hus.



Typiske konstruksjonar på låvar i Telemark. Sveitserlåvar med 2 og 4 takstolar (vanleg og senka køyrebru). Frå: Beresystem i eldre norske hus.

## Taktekking

Den opphavelig taktekkinga var som regel tegl i dette området, henta frå lokale teglsteinsverk. Taksteinen vart lagt på lekter over ei taktro av ståande bord eller halvkløyvingar. Ved oppussing og restaurering ser vi at tegl ofte har blitt erstatta av ulike former for metallplater, også i ulike fargar, og delvis med lysplater for å få inn overlys. Ny taktekking med andre fargar har stor påverknad på uttrykket.



Ulik taktekking påverkar uttrykket. Foto: Solveig Svardal

## Farge

Dei raude låvane var raude, først og fremst fordi det var ein rimeleg farge. Den var framstilt som komposisjonsmaling, blanda av pigment frå jordfarge, rugmjølsklister og litt linolje. Kvitmalinga på detaljar ga status.

## Detaljering

Omfang og form på detaljeringa har utvikla seg noko ulikt i ulike delar av landet. Utsmykkinga var ofte også ein måte for dei ulike byggmeistrane til å sette sitt bumerke på låvane. I Midt-Telemark er utsmykkinga moderat. Særpreget kjem fram

av lufteluker, ofte ei for kvar takstol, langs raftet i andreetasjen, spir på møna, vindus- og dørromramming, samt dørutforminga. Fargesettinga av desse detaljane er i all hovudsak kvit, ofte også med grøne felt i dører og på luftelukene.




Typiske raude låvar i Midt-Telemark med detaljar i kvitt og grønt. Foto: Solveig Svardal og Elisabeth Sand.


## Omfanget av ledige bygningar

I 2005 vart det gjennomført ei kartlegging av dei raude låvane (byggjeår 1870 – 1940) i Midt-Telemark. 742 tidstypiske låvar vart registrert i dei 3 kommunane Bø, Sauherad og Notodden. Viss vi ser bort frå nokre få med sauehald og kjøtproduksjon på storfe, er det få som framleis er i bruk slik dei opphavelig var planlagt for. Dette heng ikkje minst saman med ei sterk spesialisering i landbruket, der den allsidige husdyrproduksjonen er borte i området, til fordel for korn og fruktproduksjon. Dei fleste er likevel i ein form for bruk, ved at dei, i større eller mindre grad, er ombygde for å få plass til garasje, korntørker og ulike lagerfunksjonar.


Samstundes med kartlegginga av dei raude låvane i Midt-Telemark vart det gjort ei spørjegranskning blant låveeigarane for å få vite noko om kva dei tenkjer om desse husa, om dei er i bruk, om dei er verd å ta vare på, og kva som skal til for å ta vare på dei.



Graf: Er låven på din gard opphavelig i stil og uttrykk eller er den ombygd/ modernisert?




Graf: Har låven nokon nyttefunksjon for deg på din gard?



Graf: I fall låven har ein nyttefunksjon: Kva vert låven din brukt til i dag?

## Motivasjon for å ta vare på bygningane

Det er stor interesse blant eigarane for å ta vare på bygningane, sjølv om dei i dag har mista sin opphavelege funksjon. 83 % seier dei er svært interessert eller interesserte i det. Grunngjevinga for å ta vare på låvane er både knytt til eigne interesser, ressursutnytting og ansvaret for å ta vare på ein viktig kulturverdi, representert både ved bygningen og ved det viktige tun- og landskapselementet dei er. Mange tener no som ulike former for lager, men det er ikkje nok for å forsvare vedlikehaldet i framtida. Skal desse bygningane overleve må dei ha ei inntening som minimum forsvarar vedlikehaldskostnadene. Låveeigarane etterspør meir kunnskap om bygningskonstruksjonar og hjelp til bygningsmessige arbeid. Dei meiner også det er viktig med auka bruk og nytteverdi for bygningane om dei skal bli tekne vare på.



Graf: Meiner du at låvebygningen er visuelt viktig for tun og landskap på din gard?

## Ombygging av driftsbygningar


---

Dei raude låvane vart allereie utdaterte frå midten av 1950-talet då traktorar og tyngre reiskapar for fullt kom inn i landbruket. Låvane og køyrebruene var dimensjonerte for hest og hestereiskap. Det har likevel vore mindre forsterkingsarbeid som skulle til for å gjere dei brukande i alle fall for mindre traktorar med reiskap.


Så lenge ein følgjer modulane og spelar på lag med beresystemet er det mange muligheter til ombyggingar av dei raude låvane. Det er vanskeleg å lage generelle råd, men låven som er ombygd til garasje, lager og verkstad som vi syner seinare er eit godt døme. Dersom ein ikkje kan leve med dei stolpane og skråstivarane som er i huset kan ein med enkle grep skape større rom. Hovudprinsippet vil alltid vere at konstruksjonane ikkje må svekkast; heller ikkje skråstivinga.



Mange muligheter innafor eksisterande konstruksjonar. Illustrasjon: Elisabeth Sand



Utnytt tilgangen på 3 plan, og romma mellom konstruksjonane. Illustrasjon: Solveig Svardal



Vidareføring av sær preg og detaljar er viktig. Illustrasjonar: Solveig Svardal

## Tunet og rommet mellom husa


---

God tunplanlegging blir endå viktigare dersom ein byggjer om slik at ein får besøkande inn på tunet. I boka ”Tun og gardshage” trekkjer Røyne Kyllingstad fram nokre viktige føresetnader for å få gode tun:


- > Tunet må ha skikkeleg manøvreringsareal
- > Sikttilhøva må vere gode
- > Tunet må vere rimeleg flatt
- > Tunet må vere tørt
- > Tunet må vere godt fundamentert og ha stabilt slitedekke
- > Tunet må vere lett å halde reint
- > Tunet må utførast med tanke på rasjonell snørydding
- > Trafikken må differensierast
- > Gardsvegen må kanskje byggjast om?

Husa har tradisjonelt spelt godt på lag med terrenget. Tunsletta, den meir eller mindre horisontale eller plane sletta mellom husa, er viktig for å kunne oppnå funksjonelle tun. Det er viktig å utvikle dette vidare også ved nybygg og ombyggingar.

Skilje mellom persontrafikk og maskintrafikk blir viktig både av sikkerheitsmessige og trivselsmessige omsyn.



Ta vare på tunsletta! Illustrasjon: Håvard Gjernes.



Trafikkseparering er viktig. Frå: Tun og gardshage.

# Låvar og reglar

Dei raude låvane er bygde for landbruksføremål på areal regulert til landbruk. Ved ombyggingar og omdisponeringar vil den nye bruken stille nye krav, regulert gjennom lover og forskrifter. Generelt vil det vere slik at dess fjernare det nye bruksføremålet er frå det opphavelege, dess vanskelegare vil det vere å få det til.



Foto: iStock

Ombygging av driftsbygningar til nye føremål kjem bort i fleire ulike lover og reglar, og vil også kunne utfordre vedtekne arealplanar i kommunen. Dersom ein lar det eksisterande bygget bestemme, både når det gjeld utvendig uttrykk og innvendige konstruksjonar, er det mykje som går greit å få til.

## Plan- og bygningslova med forskrifter

---

Oppføring og endring eller reparasjon av eksisterande landbruksbygg er berre omfatta av plan- og bygningslova så langt det passar. Dei er unnateke krav om søknad om byggeløyve, og kan oppførast etter ordinær byggemelding, så sant det blir skriftleg dokumentert at alle lover og reglar er oppfylt.

Ein driftsbygning er ein bygning som er nødvendig for tradisjonell landbruksdrift, og omfattar:

- > bygning for husdyrbruk, skogsdrift, hagebruk, gartneri og pelsdyravl når dette er ein del av landbruksdrifta
- > bygning for lagring av landbruksmaskinar
- > husvære i samband med seterbruk eller skogsdrift

Landbruksbygg omfattar ikkje:

- > bustadhús og fritidshus på garden
- > bygning for fabrikkmessig produksjon, vidareforedling for produkt ut over gardenes eigne
- > bygning for publikum (gardsturisme, gardsutsal)
- > garasje for private bilar




Foto: iStock

Det kan ofte vere vanskeleg å slå fast kvar grensa går mellom landbruk og fabrikkmessig produksjon. Dette må avgjerast etter ei konkret vurdering i kvar ein-skild sak, der ein mellom anna tek omsyn til bruken av og storleiken på bygningen, omfanget av produksjonen og kva ulemper produksjonen fører med seg i form av lukt, støy o.a. Denne vurderinga må gjerast av dei lokale bygningsstyresmaktene, og av fylkesmennene ved ei eventuell klagehandsaming.

Rom eller delar av ein bygning som ikkje fell inn under nemninga «driftsbygning i landbruket», skal behandlast etter dei reglane som gjeld for den aktuelle funksjonen. Dette vil bli aktuelt i ein del omdisponeringssaker, og det er viktig å sette seg inn i kva for krav som gjeld, til dømes knytt til brannsikring, lyd og lys, vatn og avløp. Særleg er det strenge brannkrav til overnattingsrom for menneske. Etablering av brannceller er som regel uprøblematisk å få til. Der er som regel allereie ei celle ferdig i den gamle fjøsen. Lyd kan bli ei utfordring viss huset skal nyttast i fleire etasjar, og lys kan bli eit problem når det gjeld bustadføremål.



Sikring mot brann er sentralt. Foto: Kjell Martin Sørby

Omdisponering frå landbruk til ein annan funksjon inneber at det må sendast inn søknad om byggeløyve, og ein må knytte til seg ein som er godkjent for å ta ansvar for slike byggesaker. Normalt vil det vere naturleg å bruke arkitekten eller byggmeisteren.

## Andre lover og forskrifter

---

Inneber dei ny planane handtering av næringsmidlar og mat, anten det er produksjon eller servering, vil Mattilsynet inn i biletet med sine vurderingar av ulike innretningar, først og fremst for å sikre god hygiene.

Skilting og avkøyrslle frå offentleg veg er ei sak med Vegvesenet, som ikkje er uløyseleg, men som ofte kan ta lang tid. Når det gjeld skilting, kan det vere lurt å sjekke om ein kan falle inn under fellesordningar, slik som gardshanen<sup>1</sup>. Då vil mykje av byråkratiet vere unnagjort.

I den grad naboar kjem i kontakt med det nye prosjektet vil nabolova tre inn. Kva vil til dømes naboane seie til auka trafikk på felles veg?

## Tilhøvet til kommunale planar

---

Ved omdisponering til nye bustader, blir det også vanlegvis eit spørsmål om å få dispensasjon frå dei vilkåra som er sett til dei ”grøne” områda, LNF-områda, i kommuneplanen. Då må også fylkesmannen inn i biletet. Verne- og kulturminneinteressene vil vege tungt. I Bø kommune er det nedfelt i kommuneplanen at ”Stadbunden næring” er tillaten i LNF-områda. Dette betyr at bygningar for tilleggsnæringar, slik som gardsturisme, på inntil 300 m<sup>2</sup> vil bli godkjende. Både Notodden og Sauherad tillet noko spreidd bustadbygging innafor enkelte LNF-område. Dette er det fleire utkantkommunar som gjer.

### Råd:

Ta kontakt med nokon som kan stå som ansvarleg søker og teknisk etat i kommunen så tidleg som råd er for å drøfte planar. Det kan mellom anna vere aktuelt med det som blir kalla ”forhåndskonferanse”, der utbyggjar, ansvarleg søker og sakshandsamar møtast for å gå gjennom idéane i god tid før det blir ein byggjesak, med sikte på å få fram alle krav og retningsliner så tidleg som mogleg i prosessen.

---

<sup>1</sup> Gardsmathanen er eit kvalitetsmerke på norske gardsmatprodukt, sjå [www.hanen.no](http://www.hanen.no).

# Natur- og kulturbasert nyskaping

Opplevingsøkonomien gir nye muligheter for den som har omstillingsevne, og greier å sjå dei nye trendane og behova kundane etterspør. Men dersom ein skal treffe godt med nye produkt i marknaden og utnytte eigne ressursar effektivt, er det nødvendig med ein metodisk og systematisk tilnærming til produktutviklinga.



Foto: Solveig Svardal

Vi lever i ei tid der vi i aukande grad etterspør spesialitetar, opplevingar og dei unike historiene. Denne utviklinga er spådd å forsterke seg når velstanden aukar og vi får stetta stadig fleire av dei materielle behova våre.

## Nye muligheter i opplevingsøkonomien

---

Opplevingsøkonomien oppstår i møtet mellom to viktige utviklingstrendar: globalisering og individualisering. Verda blir meir og meir lik på tvers av landegrenser, vi opplever ei standardisering av varer og tenester, og arbeidsplassar blir flagga ut frå høgkostland til lågkostland. Som ein mottrend til denne globaliseringa og einsartinga oppstår individualiseringa, der enkeltmennesket sine spesielle behov står i sentrum. Vi registrerer aukande konsum for å tilfredsstille spesielle behov. Individet jaktar på spesielle og unike opplevingar, gjerne knytt til stader sin eigenart. Dess meir spesiell og unik ein plass er, dess meir attraktiv blir den som reisemål, og dess meir interessant blir den også som busettingsmål og lokaliseringsplass for ny næring.

Det er openbart at gardsbruk og bygningar på gardsbruk representerer historier som kan gi grunnlag for mange nye opplevingsbaserte produkt. Bygningane representerer også ein viktig teknisk ressurs som hus for andre nye næringar knytt til natur- og kulturbaserte ressursar.




Foto: Solveig Svardal

## Landbruk meir enn landbruk

---

Norsk landbruk har historisk alltid vore eit kombinasjonslandbruk. Jord- og skogbruk har vore drive i kombinasjon med jakt og fiske, ein vegvoktarjobb eller lærarjobb. Heiltidslandbruket og familiejordbruksystemet har først og fremst vore sett fram som eit ideal etter det såkalla opptrappingsvedtaket midt på 70-talet.

Dei to siste tiåra har vi i aukande grad sett ei to-deling av landbruket. På den eine sida blir det færre og færre som driv aktivt jordbruk og som har rett til produksjonsstøtte til drifta si. På den andre sida ser vi at dei som fell utanfor denne ”professionaliseringa” i aukande grad prøver å utnytte andre ressursar på garden; bygningar, utmark, eigen kompetanse frå anna verksemd til å skape nye inntektsmuligheter.

Erkjenninga av at landbruk er meir enn tradisjonelt landbruk tar etter kvart plass i norsk landbrukspolitikk.

## Frå idé til forretningskonsept


---

Nyare forsking på bygdeutvikling i Europa viser at sær preg løner seg. Den som greier å finne fram til det unike lokale særpreget, anten det er natur, kultur eller menneskelege ressursar, foredle det og vidareutvikle det, har store muligheter til å lukkast i ei tid der folk på ny er på jakt etter spesielle opplevelingar.

I ei slik ramme er det viktig å starte med tre spørsmål:

- > Kva er det spesielle med oss og vår stad?
- > Kva er det vi har som ingen andre har?
- > Kva er det vi kan som ingen andre kan?

Den vidare vegen fram til eit forretningskonsept, og seinare ein byggjesak kan sjølv sagt ha mange forløp. I heftet ”Verdier under tak” illustrerer forfattarne ein mulig prosess slik:



Prosess frå idé til tiltak. Frå: Verdier under tak.

**IDÉUTVIKLING** er ein klargjeringsprosess der det er viktig å vurdere fleire alternativ. Test gjerne idéane på kritiske, men kreative folk du stolar på.

**KUNNSKAPSSANKING** omfattar vurdering av kva for ressursar du har til rådvelde, kva som er det spesielle ved ditt prosjekt og kva for ekstra verdiar den spesielle staden og bygningsmassen din tilfører ditt prosjekt. Her bør dei første marknadsvurderingane inn. Og du bør kunne sei noko om dei økonomiske rammene for prosjektet. Kva for kompetanse har du sjølv, og kva må du eventuelt kjøpe inn av tene?


**MÅLFORMULERING** gjeld både kortsigtig og langsiktig. Tenk over om du kan gjennomføre prosjektet i fleire trinn. Klargjer kva som er det viktigaste for deg, og kor mykje du er villig til å satse.

**ALTERNATIV- OG KONSEKVENSANALYSAR** er nødvendig for å kome fram til ei løysing. Dersom idéen din blir vanskeleg å gjennomføre, kan du kanskje finne alternativ.

**LØYSING** og val av konsept blir lettare når du har gjort eit grundig arbeid først.

**PLANAR** for bygningen må dei fleste ha hjelp til. Helst burde du trekke inn arkitekt og bygningskyndige folk tidleg i prosessen for å vurdere muligheter og begrensningar.

Og hugs til slutt: ting tar tid! Du må rekne med å gå mange rundar før du er i mål!



Langt fram! Foto: iStock



# Idékatalog

Barnehage, bustad, saftpresseri, kafé, kontor, galleri, atelier, hybelhus, festlokale og vinsmakeri. Idéane blømer rundt omkring. Vi presenterer nokre frå Midt-Telemark her, og har sjølv sagt ikkje gløymt at låvar framleis også er brukande til det dei opphaveleg var tenkt til, nemleg landbruk.




Foto: Solveig Svardal

Undersøkinga i Midt-Telemark syner at mange eigarar av landbruksbygg er på leit etter gode løysingar for framtidig bruk av driftsbygningane. Dette omfattar både tekniske og bygningsfaglege råd og gode idéar til nye forretningskonsept. Dess lenger den nye bruken av bygningane ligg frå den opphavelege funksjonen, dess meir komplisert vil ombygginga vere, og dess betre inntening krevst for å forsvare omdisponeringa.

## Folkefjøset



---

På starten av 2000-talet vart det sett i verk fleire pilotptosjekt under samleomgropet ”Folkefjøset”, med ambisjon å finne fram til enkle og rimelege ombyggingsløysingar for utdaterte driftsbygningiar. Hensikten var først og fremst å spare kostnader og utnytte eksisterande ressursar framfor å setje i verk kostbare ombyggingar. Særleg er dette aktuelt for ekstensive produksjonar som sauhaul og kjøtproduksjon på storfe, med enkle krav til bygningar.

I Heddal har Hans Jørgen Aase bygd om låven sin frå 1912 til ammekuproduksjon på rasen Tyrol Gråfe. Låven hadde ikkje vore i bruk til husdyrhald sidan 60-70-talet, men har no plass til 12 ammekyr. Utvendig er låven bevart som før. Innvendig er dei gamle lafta fjøskassane fjerna. Det er støypt ny ringmur mellom dei gamle pillarane, som er fylt att med massar. Deretter er det støypt plate oppå. Gjødselhandteringa er basert på trakktalle, som blir transportert ut med traktor gjennom nye portar i gavlveggen.




På denne og neste side: Folkefjøset på Åse. Foto: Hans Jørgen Aase. Skisse etter Halvor Sem.





## Lager, garasje og verkstad

På dei neste sidene presenterer vi teikningane for ombygging av ein låve til reiskapshus og garasje. Dette er eit vanleg behov for svært mange gardsbruk, men konstruksjonsombygginga er også av interesse for den som tenkjer heilt andre nye føremål.



Denne og neste sider: Ombygging av låve til reiskapshus og garasje. Planar: Håvard Gjernes.





## Galleri

---

På Nyhuus i Sauherad har dei fått til eit flott galleri berre ved å vaske ut av fjøs og grisehus, male veggane kvite og lage ein enkel påstøyp på golvet. Innreiinga i grisehuset står som den sto då den siste grisene vart til sylteflesk. Galleri Nyhuus satsar på tre årlege utstillingar; sommar, haust og jul. Haustutstillinga blir arrangert i samband med Norsk Eplefest på Gvarv, og då arrangerer dei også ”Ei natt i paradis”, med lyrikk i eplehagen og i låven.



Galleri Nyhuus. Foto: Halvor Holtskog

## Kafé og selskapslokale

---

Historia som ligg i gamle fjøsveggar, restar etter innreiing, slanke berekonstruksjoner i tre, eller for den del ein gammal gjødselkjellar kan danne flotte og miljøskapande rammer for forsamlingsrom, kafear og selskapslokale. Kunsten er å spele på lag med dei gamle bygningsdelane. Det går an å tenkje seg at lokala berre er i bruk frå vår til haust, då vert det også langt enklare krav til isolering og oppvarming.



Interiør Kjernehuset på Gvarv. Foto: Solveig Svardal



Nyhuus, øvst fjøsen og nedst låven. Foto: Halvor Holtskog

## Barnehage

---

Ein stor låve som i stadig mindre grad vart brukt, skapte hovudbry, heilt til Mari Beitnes kom på å starte gardsbarnehage og bruke delar av bygningen som aktivitetsrom for ungane. Den gamle fjøsgangen har blitt oppholdsrom, og fjøsen har blitt leikerom. Felles for all ombygging her er at det er gjort så lite bygningsmessige endringar som råd er.

I tillegg er det viktig at barnehagen ligg på ein gard, og at livet på garden, i og mellom husa, er ein viktig del av det pedagogiske opplegget, og ei fin ramme for leik og arbeid.



Denne og neste side: Låven på Nord Tinnes har blitt barnehage. Foto: Tom W. Reiersen og Elisabeth Sand (neste side).



## Saftpresseri

---

I låven på Sauar presser dei edle dråpar ut av eigen og andres frukt. Då Britt og Sveinung Sauar tok over garden, vurderte dei mange ulike alternativ, frå spa til festlokale. Dei enda med eit moderne saftpresseri, for å kunne bli noko meir enn tradisjonelle råvareprodusentar. Satsinga har hausta frukter, med stadig nye nyskapsprisar. Snart er kanskje låven både for liten og urasjonell, men den var viktig for å kunne starte opp.



Låven på Sauar hyser det moderne saftpresseriet til Epleblomsten AS. Foto: Solveig Svardal.

## Gardsbutikk

---


Gardsbutikk er kanskje noko av det aller enklaste ein kan sette i gang med. Erfaringar frå Midt-Telemark syner også gode erfaringar med sjølvbetjente butikkar. Då blir også driftskostnadene forsvarlege. Det gjeld med gardsbutikkar som andre prosjekt at det er viktig å utnytte gards- og bygningsmiljøet på ein slik måte at det bidrar positivt i heile kjøpsopplevelingen.




Evju bygdetun (øvst) og gardsbutikken på Nyhuus (nedst). Foto: Solveig Svardal.

## Kontor: Plan- og bygningslåven

Plan- og bygningslåven på Gjernes i Sauherad hyser i dag tre arkitektar, ein landskapsarkitekt og ein arealplanleggar i eit moderne kontorfellesskap, vegg-i-vegg med reiskapsrom, verkstad og traktorgarasje. Den gamle driftsbygningen på Gjernes var i tradisjonell bruk med husdyr, fôrlager og reiskapslager fram til 1964. Håvard Gjernes hadde heimekontor i våningshuset på garden, men var på jakt etter eit større arbeidsfellesskap. Ombygging av låven gjorde det også mogleg å ta vare på ein viktig bygning i tunet.



Plan- og bygningslåven. Foto: Solveig Svardal. Tekningar: Håvard Gjernes.






*"Som arkitekt ser jeg gårdsanlegget som en helhet og tunet som viktig element og verdifullt skjermet uterom på gården. Moten med hvitt våningshus og rødt uthus gjør at enkelthusene trer sterkere fram og motvirker inntrykket av tun og en samlet husgruppe - enkelthusene vil være selvstendige monumentalbygg - ikke del av større helhet.*

*Billedkunstneren lar seg sjarmere av den maleriske røde låven i kulturlandskapet - arkitekten gremmer seg over glorete enkelthus som nekter å samvirke med nabohusene."*

(Håvard Gjernes, arkitekt og låveeigar)



## Møterom og forsamlingslokale

---

Evju bygdetun er eit levande gardsbruk i aktiv bruk til ulike arrangement heile året. Den gamle fjøsen har blitt til møterom og forsamlingslokale. Dei gamle konstruksjonane, med rundstokkar i taket og lafteveggar er så langt som råd tatt vare på.



Fjøsen på Evju bygdetun. Foto: Solveig Svardal


## Vinlåven


---

I Sauherad blir det satsa friskt og nytt. Joar Sættem og Wenche Hvattum har etablert Lerkekåsa Vingård, der dei er i gang med drueproduksjon, som etter kvart skal bli til Eventyrvin. Dei planlegg å bruke låven sin til å ta i mot gjester til ulike typar opplevingar knytt til det komande vineventyret. Førebels er prosjektet på eit tidleg idéstadium, som omfattar vinsmakeri og festlokale i fjøsen og overnatting på låven.

*”God vin hører sammen med gode samtaler og fortellinger, og siden vi holder til i en region med Norges rikeste eventyr- og fortellertradisjoner, har vi valgt å gi vårt lille eventyr navnet Eventyrvin. Slik vil vi gi vårt lille bidrag til å videreutvikle verdier og opplevelser i frukt- og eventyrbygda.”*

Denne og neste side: Plan, snitt og 3D-modell som viser ei mulig løysing for den nye vingården. Arkitekt: Håvard Gjernes. Foto: Joar Sættem.





## Låvande kunst



I serien collapse har ein fallande låve blitt eit eige kunstprosjekt. Fotograf er Arne Svalastog.



Ein låvevegg i Valdres talar for seg. Den vart landskjend i EU-kampen. Foto: Solveig Svardal.



LÅVE-STORY: Skuespiller Juni Dahr vil ha med seg norske bonder på laget. Hun etterlyser låvebygninger til å spille tater i.

FOTO: Siri Juell Rasmussen

VIL SPILLE MER AV «MARKENS GRODE»

## Søker låver til Hamsun


Juni Dahr har turnert ulike låvar med sitt Hamsun-program. Faksimile frå Nationen  
09.09.2005.

## I utlandet.....

---

Det er ikkje alt som verken skal eller kan kopierast. Men det kan av og til likevel vere både nyttig og inspirerande å sjå kva andre gjer.

I Danmark vart det arrangert ein idékonkurranse for ny bruk av ledige landbruksbygg i 2004. Nokre klipp frå den kan kanskje gi inspirasjon til nye satsingar også her i landet.



Frå den danske idékonkurransen i 2004. Kontor, kreativitetslab og butikkar. Frå [www.bondegaarde.dk](http://www.bondegaarde.dk).

Frå England har vi henta idé til ombygging av ein låve til bustad: Upper Twyford Barn.



Frå låve til bustad. Frå [www.architecture.com](http://www.architecture.com).

Også i Tyskland er det mange døme på interessante ombyggingsprosjekt. Driftsbygningane har ofte sentral plassering i eller nær landsbyar, med eit større befolkningsgrunnlag enn vi er vande med, og difor er også ombygging til bustadføremål eit sterke satsingsfelt. Bileta under er frå ein idékonkurranse i delstaten Nordrhein-Westfalen.



Selskapslokale i tidlegare låve,  
frå låve til bustad, gardsbutikk  
med kafe.

Frå [www.umwelt.nrw.de](http://www.umwelt.nrw.de)

## Nasjonalt program for landbruksbygg og kulturlandskap

Under jordbruksforhandlingane i 2007 var det semje om å setje i verk eit nasjonalt program for landbruksbygg og kulturlandskap. Programmet skal dekke tre ulike tema:



- › Nye landbruksbygg og kulturlandskap
- › Ny bruk av ledige landbruksbygg
- › Kartlegging av kulturhistorisk viktige landbruksbygg

Programmet er ei oppfølging av framlegg til Handlingsplan for store nye landbruksbygg i landskapet. Arbeidsgruppa foreslår følgjande oppfølging innafor temaet "Ny bruk av ledige landbruksbygg":

**Visjon:**

Kreativ næringsutvikling under gamle tak i kulturlandskapet.

**Hovudmål:**

Stimulere til gjenbruk av landbruksbygg knytt til både tradisjonelt landbruk og nye næringar - med vekt på idéutvikling, funksjonalitet, kulturhistorie , samfunnsansvar og arkitektur.

**Delmål:**

- › Skape interesse, motivasjon, engasjement og samfunnsansvar mellom ei-garane av landbruksbygg
- › Nå fram til dei fleste bygdelag i landet
- › Formidle gode idéar, og utvikle nettverk mellom aktørar og mot fagmiljø
- › Skape haldningar hos rettleiingsteneste, planleggjarar, offentleg forvalting, skular, FoU- miljø m.m.
- › Identifisere hindringar knytt til gjenbruk, ombygging, bruksendring og utvikle rettleiingsmateriell
- › Formidle informasjon om relevante rettleiingstenester, finansieringskjelder og kunnskapsmiljø
- › Skape samfunnsengasjement og innsyn i dei verdiane kulturarven og kulturlandskapet representerer



# Låven i sentrum

Mange låvar ligg sentrumsnært. Ny bruk av desse låvane kan tilføre sentrumsområda nye kvalitetar, både som bustader, samlingsstader og butikklokale. Fortetting av sentrum, gjenbruk av materialar og konstruksjoner og gode møteplassar er viktige dimensjonar i ein meir miljøvenleg stadutvikling.



Kjernehuset på Gvarv. Foto: Solveig Svardal

Vi har tillate oss å ta ein liten avstikkar til nabofylket Aust-Agder for å finne eit godt førebilde på korleis låvar kan vere ein livgivande ressurs i sentrumsutviklinga, og der dette er ein heilheitleg satsing. I Midt-Telemark blir det no arbeidd med ein samla bustadutviklingsstrategi under namnet ”Attraktivt Midt-Telemark”. Også her vil låvane i og nær sentrum kunne spele ei viktig rolle for å gjere regionen meir attraktiv å flytte til og bli verande i.

## Forlåving i Vegårshei

---

Det heile starta med at Husbanken kasta augene sine på låven på småbruket Myra Midtre. Eigarane, brørne Håkon og Einar Stebakk, hadde lenge prøvd å få til ei ombygging av låven, men møtte stor skepsis frå kommune og fylkeskommune, ettersom låven er verna.


Som ein del av stadutviklingsprosjektet Vegårshei – Den levande bygda, blei Myra Midtre peika ut som pilotprosjekt for å få til fortetting og transformasjon av eksisterande bygg i Vegårshei.


Eigarane fekk prosjekteringstilskot og kompetansetilskot frå Husbanken, og saman med arkitekten Atle Gotbeek og representantar frå Fylkeskommunen og Husbanken tok planane for tre leiligheter form. Låven skal framleis sjå ut som ein låve, men med bustader følgjer nokre ekstra vindauge.

Planane for ombygginga til tre moderne miljøvenlege lågenergileiligheter med 100 % universell utforming, er godkjende, og byggearbeida har starta. Eigarane har hatt stor pågang etter interessert leigetakarar både til dei to minste på 35 m<sup>2</sup> og den største på 70 m<sup>2</sup>.



Denne låven skal bli bustad. Teikningar frå arkitekt Atle Goutbeek på følgjande sider.





Ombygginga av låven på Myra har gitt ny inspirasjon til fleire låveeigarar i Vegårshei. I området rundt Myra er det fleire slike tun som set sitt preg på staden. Den levande bygda inviterte til forlåvingsmøte i desember 2008, og no er eit nytt forprosjekt i gang. Målet er ti nye leiligheter pluss kontor- og butikklokale i fire sentrumslåvar.

Komande leidgetakrarar har allereie meldt seg. Det er mange som vil leige heller enn å eige, og dei ønskjer kort veg til alt dei treng i eit kompakt sentrum.



Vegårshei sentrum med fem tun. Frå [www.vegarshei.kommune.no..](http://www.vegarshei.kommune.no..)

## Kjernehuset på Gvarv

---


Midt i eplebygda i Telemark ligg Kjernehuset mat- og aktivitetshus. Her er det kafé i førsteetasjen og møte- eller festlokale i andreetasjen. Huset var tidlegare brukt som lager. Nes Mållag arva huset midt på 80-talet og tok etter kvart initiativ til å utvikle det til ein møteplass i sentrum i samarbeid med andre organisasjonar, kommunen og det lokale fruktlageret. I 1995 var første etasje ferdig ombygd og oppussa, og det blei opna kafe. I starten vart denne driven av bebuarane på Sauherad Samtun, og skulle både tene som ein rusfri samlingsstad og arbeidstrenings. I 2000 vart andre etasje pussa opp.

Historia til huset er framleis tydeleg, også innvendig. Berekonstruksjonane er godt synlege både i himling, etasjeskille og veggar. Utvendig er hovudpreget som før, men med nye vindauge og eit tilbygg for å få plass til kjøkenet.

Kjernehuset ligg på ein av dei mest sentrale tomtene i Gvarv. Saman med Kunsterhuset og Atelieret på Sole, kan dei spele ei viktig rolle i sentrumsutviklinga framover.



På denne og neste side foto (Solveig Svardal), perspektiv- og planteikningar (Olav Skjeldal)



## Prestegardslåven i Heddal

---

I Heddal er prest bytta ut med hest. Det var behov for ei kyrkje som også kunne brukast i vinterhalvåret, og i det spesielle og sårbare landskapet fall valet på å bygge ein kyrkjelåve der den gamle prestegardslåven sto. Alt er nytt, men låveforma og detaljeringa er vidareført.



Stavkyrkja og låvekyrkja. Konkurrentar eller samarbeidspartnarar? Foto. Solveig Svardal



På denne og neste side Låvekyrkja i Heddal. Foto: Solveig Svardal



## Skogen i Bø

---

Berre tunet står att av garden Skogen i Bø sentrum. Dei to bustadhusa blir leigde ut til studentar ved Høgskulen om vinteren og til turistar om sommaren. Låven og tunet rundt låven er tatt i bruk som konsert- og festarena. Først og fremst fungerer vinkellåven som ei fin ramme rundt ein utandørs konsertarena.

Det er så langt gjort minimale endringar i bygningen, bortsett frå ei grundig opprydding. Eit enkelt konsert- og festlokale for sommarbruk er innreia i høylåven, og det er bygd eit enkelt sanitæranlegg.

Eigaren ser store muligheter til å utvikle ein fest- og konsertarena, og ser mellom anna for seg å å bruke den gamle fjøsinnreiinga for å skape eit særprega miljø.



På denne og neste side Skogen i Bø. Foto: Elisabeth Sand



## Myhre; ut med gris inn med studentar

---

Fjøsen på Myhre i Bø har romma både kyr, grisar og ender. No står den tom, men planane for neste driftsform er klare; det blir studentar. Friluftsliv- og miljøvernstudentar er ofte på jakt etter meir landlege bustader, der dei også kan ha bikkjer, og kanskje ein hest. I sykkelavstand frå Bø sentrum er dette ekstra attraktivt.

I ombyggingsplanane er det funne plass til fire studenthybler med felles kjøken, oppholdsrom og bad. Den opprinnelige fjøskassen er i betong, og brannsikring er difor ikkje noko problem. Det blir nytt dekke på golvet, ny kleddning på veggane, og ny himling. Vindauge og dører skal skiftast ut, og det blir bygd på ein veranda. Trafikken til og frå dei nye bustadane blir lagde rundt det eksisterande tunet for å skjerme det for trafikk, og for å kunne gi ulike private soner og rom i tunet.

Legetakarane vil også få tilbod om stallplass og luftegar for hund.



På denne og neste sider Myhre. Foto: Solveig Svardal. Planar: Håvard Gjernes.



## Hellandtunet forskings- og næringssenter

---

På ei av dei mest sentrale tomtene i Bø, like under kyrkjebakken der dei to kyrkjene pregar landskapet, ligg Hellandtunet. Garden Helland vart kjøpt av Bø kommune for å kunne utvikle eit kompetansesenter i Bø.

På grunn av det særprega kulturlandskapet blei det stilt strenge krav til utforming av nybygg. Valet sto mellom å vidareutvikle ein landbruksprega byggeskikk eller å sette opp eit nybygg som gjekk i eitt med terrenget; delvis innbygd i bakken og med torvtak. Valet fall på eit nytt låvebygg.

Hellandtunet forsking- og næringssenter sto ferdig i 1991. Bygget innheld om lag 50 kontorplassar, med møterom og kantinefunksjonar. 7 høgkompetanseverksemder held til her. Lokala er svært attraktive, og eit nytt byggetrinn med 40 nye kontor er under planlegging.



Hellandtunet før (denne sida) og etter utbygging ( neste side).





# Ein låve – fleire idéar

Låven på Bergan i Sauherad blei restaurert frå grunnmur til tak på 1990-talet. Eigarane er på leit etter nytt liv i låven. Vi engasjerte ein masterstudent til å tenke fritt, og presenterer nokre av idéane her.



Tunet på Bergan (foto: Elisabeth Sand)

Slik låven står i dag blir den brukt som stall, med to boksar, og som lager. I dette studentprosjektet er det tenkt heilt fritt når det gjeld val av nye mulige funksjonar i bygningen. Hensikten er å vise kva som kan vere mogleg å få til, basert på ein idé-dugnad mellom låveeigarar, student og fagleg rettleiar. På dei følgjande sidene presenterer vi forslaget, som inneber:

- > Siderpresseri i den gamle gjødselkjellaren
- > Rehabiliteringssenter for pasientar med kreft, hjarte-, lunge- eller ortopediske sjukdomar i første og andre etasje
- > Stallanlegg i nytt bygg ved sidan av
- > Blackbox tilknytt nytt inngangsparti

Alle illustrasjonar i denne delen er frå masteroppgåva Gjenbruk av kjørebrulåver frå 1850 – 1930 av Elisabeth Sand.

## Siderpresseri

---

Idéen er å bygge om den gamle gjødselkjellaren til siderpresseri, med muligkeit for å ta i mot besökande for omvising, smaking og andre opplevingar kopla opp mot eple- og siderproduksjon.




Denne sida: Ny fasade med siderpresseri i den gamle gjødselkjellaren. Neste side: Interiør siderpresseri.



## Rehabiliteringssenter


Rehabiliteringssenteret for pasientar med kreft, hjarte-, lunge- eller ortopediske sjukdomar kan romme:

- Treningsrom, som også kan fungere som publikumsretta treningsenter når rehabiliteringssenteret ikkje nyttar det.
- 12 enkeltrom for pasientar, der fire er tilpassa rullestolbrukarar
- Kjøken for pasientar og tilsette
- Oppholdsrom
- Kontor og samtalerom
- Badebasseng i den gamle lannkummen





Oppholdsrom,  
soverom med bad,  
kjøken og basseng.



## Stall

---

Stallen, som i dag ligg i den gamle låven, blir flytta ut til eit nybygg med ridehall. Stallen skal både kunne brukast i rehabiletringssamanheng, og som ein separat aktivitet retta mot eit breiare publikum.

Eit nytt stabbur blir eit viktig avgrensande element i det nye driftstunet, som blir godt separert frå den private delen av tunet mellom låven og innhuset.



# Nytt liv for rauda låvar i Telemark

Som ein del av prosjektet "Den rauda låven" fekk alle låveeigarar i området tilbod om å vere med på eit kurs for å vidareutvikle idéen. Eigarane til sju låvar i regionen deltok. Dei har alle ein draum om å bruke låven til å skape nytt og meir liv på garden.




Foto: iStock.

På dei neste sidene presenterer vi nokre av idéane dei har arbeidd med i prosjektet.

## Breiva: økoturisme

---


Historia til tunet på Breiva i Bø er heilt spesiell. Ein ungkar bygde seg både innhus, låve og verkstad i håp om at det skulle gjere han meir attraktiv. Men den draumen gjekk ikkje i oppfylling, og karen vart buande saman med syskena sine på heimgarden. Låven på Breiva er difor så godt som ubrukt.

Katrine Mjelva Østergaard og Jon Heldal kjøpte husa med 10 mål jord i 2009 og har planar om å utvikle ein økosertifisert opplevingsgard. Hovudmålgruppe vil vere danske familiar, men også venelag, fødselsdagslag og ulike firmaarrangement vil vere aktuelle. I fjøsen står trebåsane ubrukte, og her ser dei for seg overnatting i båsen. Øvst på køyrebrua kan det bli langbord, nede i høyrommet eit aktivitetsrom med klatrevegg i heile gavlen, og i halvetasjen oppå fjøskassa kanskje ein lesekrok der ein kan drøyme seg vekk med reiselitteratur.

*Vi vil gjerne at fleire skal få oppleve gleda ved den flotte naturen  
og kulturhistoria i området.*



Låven står ubrukt slik den vart bygd i 1940-åra. Eigarane ser for seg senger i båsane.



Denne og førre side: Breiva.

Foto: Solveig Svardal

## Nyhuus: fruktbar kunst


---

Kari Nyhuus og Halvor Holtskog er eigentleg erfarte nyskaparar og mangesyslarar. Etter at dei tok over fruktgarden har dei satsa på tre solide bein; fruktdyrking, designbyrå og galleri. I tillegg har dei ein sjølvbetjent gardsbutikk i tunet. Når utstillingane er opne har dei også ein enkel gallerikafe, og innimellom dekker dei festbord i den gamle fjøsen. Dei har likevel vore på låvekurs for å vidareutvikle idéane sine saman med andre i same situasjon.


*Vi står tidleg opp, gjer alt sjølve og tar ein ting om gongen.*

Etableringa av både galleri og designbyrå har samanheng med utdanning og interessefelt, både hos noverande eigarar og neste generasjon. Holtskog er designer og Nyhuus har utdanningsbakgrunn frå tekstilforming og gyllenlær. Kunstinteressa har dei felles med dotter og svigerson som skal ta over.

Det som først står for tur no er parkeringsanlegg og sanitäranlegg for å kunne handtere større innrykk av besökande knytt til dei tre årlege utstillingane. Dessutan arbeider dei kontinuerleg med å restaurere detaljar på låven og halde tunet så velstelt og triveleg som mogleg. Heile tunet er ei viktig ramme som gjer det attraktivt å kome på utstillingar.



Mange muligheter på eit tradisjonsrikt tun med velstelte bygningar. Foto: Solveig Svardal.



## Reskjem: eksklusiv landleg idyll

---

På eit idyllisk tun på Reskjem, mellom Bø og Notodden, planlegg eigarane Anne Sem og Torkil Bjørnson, å byggje opp ein gjestegard for eksklusive grupper. Etterspørsla frå næringsliv og organisasjonar til å ha ein stad for seg sjølv med rammer som osar av storlått natur og gammal kultur er ikkje noko å seie på.

*Vi får leggje Stein på Stein. Målet er ikkje å leve av det, men betale investeringar.*

Oppussinga av låven er allereie i gang, og innhuset har også hatt sine besøk. Parallelt arbeider dei saman med andre grunneigarar med utbygging av eit ”mørkegrønt” hyttefelt i området.



Mange bygningar med sær preg og muligheter. Foto: Solveig Svardal.



## Akkerhaugen: tak over hovudet

---

Midt i Akkerhaugen sentrum driv Anne og Jan Olav Eilevstjønn stort med frukt. Trongen for arbeidskraft i sesongane er stor, og dei tenkte seg å byggje om låven til bustader for utanlandske arbeidskraft, muligens i kombinasjon med hybelutleige resten av året. Men her har planane tatt ein litt annan retning. Denne vinteren fekk dei tak i fire brakker til ein rimeleg penge. Første idéen var å montere dei opp inne i låven, slik at denne blei eit skal og vern mot vind og ver.

*Vi får nok bruk for låven til slutt likevel, kanskje til fest og moro  
for arbeidsfolket?*

Men den tekniske tilstanden til brakkene, mulighetene for å få til god samanbygging, samt krav til lys i oppholdsrom gjorde at dei no har konkludert med å sette brakkene saman til ein ny frittståande bygning med felles tak, på baksida av låven. Her får dei no fire dobbeltrom og eit felles oppholdsrom, i tillegg til sanitærfunksjonar.



Denne og neste side: Akkerhaugen. Foto: Solveig Svardal.



## Norheim: modellverkstad og atelier

---

Olav Langkås skal ta over garden Norheim på Sætersbø om ikkje altfor lenge. I dag driv faren bilverkstad på tunet, og har ei lidenskapeleg interesse for gamle køyretøy. Denne interessa har også Olav fått med.

Han er no på god veg til å bli ferdig utdanna arkitekt frå Bergen Arkitektskole, og har spekulert ein del på korleis han kan kombinere arbeid, hobby og privatliv på det flotte gardstunet.




*Draumen min er å kunne drive med det eg likar best av alt på den staden eg likar best av alle.*

Han har no landa på å byggje om stallen, som allereie er eit påbygg til låven frå 1910, til modellverkstad, både for bygging, landskap og køyretøy. Her ser han for seg eit moderne atelier i ein etasje pluss hems, utstyrt både som arkitektkontor, teikne- og modellverkstad. Etter kvart håpar han å få selskap frå fleire innan same bransje, og har planane klare for fire arbeidsplassar i det nye tilbygget.



Låven på Norheim med den tilbygde stallen ut mot tunet.. Foto: Solveig Svardal.

Perspektiv mot tunet før og etter ombygging. Planen viser nytt atelier. Alle illustrasjonar:  
Olav Langkaas.





# Hjelp!

Ein oversikt over litteratur, nettadresser, kontaktpersonar.



## Nettadresser

---

Midt-Telemark landbrukskontor: [www.landbruketshus.no](http://www.landbruketshus.no)

Husbanken: [www.husbanken.no](http://www.husbanken.no)

Telemarksforsking: [www.telemarksforsking.no](http://www.telemarksforsking.no)

Statens bygningstekniske etat: [www.be.no](http://www.be.no)

Dansk idékonkurranse: [www.bondegaardedk](http://www.bondegaardedk)

Engelsk ombygging: [www.architecture.com](http://www.architecture.com)

Tysk idékonkurranse: [www.umwelt.nrw.de](http://www.umwelt.nrw.de)

Reportasjeserie i Nationen ”norges låver”: [www.nationen.no](http://www.nationen.no)

Arne Svalastog: [www.svalastog.no](http://www.svalastog.no)

Eventyrvin: [www.eventyrvin.no](http://www.eventyrvin.no)

Vegårshei: [www.vegarshei.kommune.no](http://www.vegarshei.kommune.no)

Epleblomsten: [www.epleblomsten.no](http://www.epleblomsten.no)

Galleri Nyhuus: [www.gallerinyhuus.no](http://www.gallerinyhuus.no)

Plan- og bygningslåven: [www.lokalearkitekter.no](http://www.lokalearkitekter.no)

## Litteratur

---

Berg, A., 1969. Norsk gardstun.

Gjernes, H., 2009. Ta vare på tunsletta. Notat.

Godal, J. B. og Moldal, S., 1994. Beresystem i eldre norske hus. TI-forlaget.

Hjulstad, O., 1971. Bygningslære for landbruket. Landbruksforlaget.

Horgen, J. E. og Våge, J., 2000. Akershusiske låver 1870 – 1970. Landbruksforlaget / NIKU.

Kyllingstad, R., 1984: Tun og gardshage. Landbruksforlaget.

Sand, E., 2008: Gjenbruk av kjørebrulåver fra 1850 til 1930. Masteroppgåve. Universitetet for miljø- og biovitenskap.

Statens Bygningstekniske etat, 2002: Driftsbygningar i landbruket. Temarettleining. Melding HO-2/2002

Aarstrand, K. og Johnsen, S., 1994. Verdier under tak. Bygningar på gårdsbruk – en ressurs for næringsutvikling. Statens landbruksbank / NLH fagtjeneste.

Våge, J. , 2000. Hus og tun gjennom tidene. Landbruksbokhandelen, Ås-NLH.

Våge, J., Bygninger i landskapet. ITF-trykk 15/91.

## Fagfolk

---

Følgjande arkitekter har bidrag i heftet:

Arkitekt Olav Skjeldal, Lokale arkitekter AS, 3810 Gvarv

Arkitekt Håvard Gjernes, Lokale arkitekter AS, 3810 Gvarv

Arkitekt Atle Goutbeek, 4900 Tvedstrand

Midt-Telemark landbrukskontor har oversikt over lokale handverkarar og fagfolk.

## Låveeigarar som deltok i prosjektet

---

Kari Nuhuus Holtskog og Halvor Holtskog, 3810 Gvarv

Anne og Ronny Olsen, 3800 Bø

Katrine Mjelva Østergaard og Jon Heldal, 3810 Gvarv

Olav Langkås, 3800 Bø

Anne og Jan Olav Eilevstjønn, 3812 Akkerhaugen

Anne Sem og Torkil Bjørnson, 3612 Kongsberg